

Sammlar inn gåver



Marit B. Kolstadbråten frå Ål har starta dagsenter for døve barn i Kenya. No vil ho opne døveskule der og starte bruktbuikk i Ål.

Abelone Ågotnes Eiklid
aee@hallingdolen.no

I mars 2007 opna Deaf Aid eit dagsenter for døve barn i den største slummen i Afrika, Kiberiaslummen.

– Målet er å lære barna kenyansk teiknspråk og å gi dei eit så breitt grunnlag som mogleg før skulestart, seier Marit B. Kolstadbråten. Ho står bak prosjektet, og «Det grønne huset» som dagsenteret heiter, er svært vellykka. Døve barn er ofte ein skam for familien i Kenya. Mange av barna som kjem til dagsenteret er utvikla eller mishandla.

– Ungane på dagsenteret har vist ei formidabel utvikling på berre nokre månader. Dei får god og næringsrik mat, lærer teiknspråk og viktigast av alt, dei får kjærleik og omsorg. Det er som natt og dag å sjå ungene før og no, seier Marit.

Modellskule

No vil ho bygge ein døveskule, og har fått gåver som halvanna tonn lysstof-

frør til heile bygget, og 50 PC'ar til skulen.

– Men me treng pengar til å bygge skulen fyrst, seier Marit. Av 830.000 døve barn får berre 6000 av dei skuletilbod. Og skulane er ofte elendige, med lærarar som kan lite eller ingen teiknspråk. Difor skal den nye skulen Marit vil bygge i Nyabondo vere ein modellskule, slik at folk ser kor viktig det er og kor flinke ungene blir, fortel ho.

Sender container

Ho er overvelda over kor gævmilde folk i Hallingdal og resten av landet har vore.

– Alle eg møter er så positive, seier ho. No held ho på med innsamling til ein container som skal sendast til Kenya i oktober. So langt har ho

«Målet er å lære barna kenyansk teiknspråk og å gi dei eit så breitt grunnlag som mogleg før skulestart»

fått inn mellom anna sengetøy, leiker og klede, hovudsakleg frå hallingar. Både privatpersonar og bedrifter, døve og høyrande, har hjelpt til. Men det trengst endå meir, og Marit tek gladeleg imot meir utstyr.

– Containeren skal stappast så full at det ikkje er plass til ei fyrstikk ein gong, smiler ho.

Mange ballar i lufta

Til dagleg jobbar ho i Døves Media på Ål, og brukar all ferie og fritid på hjelpearbeidet i Kenya. No vil ho opne ein bruktbuikk i Ål.

– Me har fått løyve, men me manglar berre å få låne eit lokale, seier ho. Det ho ikkje får plass til i containeren, tenkjer ho å selje i bruktbuikken. Pengane frå salet går til Deaf Aid sitt arbeid.

– Deaf Aid er jo eigentleg Hallingdal-drive. Eg møter så mange positive folk og får så mykje støtte i dalen at det er berre moro, seier Marit. Bygginga av den nye skulen skal etter planen ta til 2008.

fakta: Deaf Aid

- Deaf Aid er ein norsk organisasjon som arbeider for inkludering av døve i det afrikanske samfunnet. Organisasjonen har fokus på døve barn og unge i Kenya.
- Målet er å endre haldningar og gi ein betre kvardag og framtid for døve i Kenya og Afrika.
- Deaf Aid vil påverke og aktivt arbeide for betre skulegang og utdanning, og styrke tilgang og kvalitet på det kenyanske teiknspråket.
- Dei jobbar og med å gi kunnskap og støtte til foreldre og generell informasjon på alle plan i samfunnet.



Stor framgang i Kenya: Marit B. Kolstadbråten frå Ål og fadderbarn nr. 100 som heiter Margaret Thatcher.